



Saksnr 16/3082-7	Løpenr 31843/16	Arkivkode A22	Avd/Sek/Saksh OPP/OPP/TKV10590	Dykkar ref
---------------------	--------------------	------------------	-----------------------------------	------------

SFO VEDTEKTER FRÅ 01.01.2017

§1 EIGARTILHØVE

Klepp kommune eig og driv skulefritidsordningane i kommunen.

Skulefritidsordningane skal drivast etter dei retningslinjene som hovudutval for skule og barnehage har vedteke. Skulefritidsordningane skal tilfredsstilla dei krava som kjem frå sentralt hald i opplæringslova § 13-7 og §9a. SFO skal også drivast i samsvar med krava til helse, miljø, tryggleik og internkontroll.

§2 FORMÅL

Skulefritidsordninga er eit frivilleg omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn på 1.- 4. trinn og for barn med nedsett funksjonsevne/ barn med særlege behov på 5. – 7. trinn.

Innhald og verksemeld skal vera prega av kvalitet. For Klepp kommune er det sett opp fem fokusområde som skal prega innhaldet i skulefritidsordningane. Desse områda er:

1. Leik
2. Omsorg og sosial trening
3. Kunst og kultur
4. Fysisk aktivitet
5. Lesing.

§3 ANSVARLEGE STYRINGSORGAN

Hovudutval for skule og barnehage er ansvarleg styringsorgan for skulefritidsordningane i Klepp kommune.

Skulefritidsordninga er administrativt knytta til kvar skule. Rektor har det overordna pedagogiske, økonomiske og administrative ansvaret ved den einskildeskulen. Leiar for skulefritidsordninga har det daglege ansvaret. Samarbeidsutvalet/driftsstyret er skulefritidsordninga sitt styringsorgan. SU/driftsstyre kan ikkje gå utover dei retningslinjene som hovudutval for skule og barnehage har vedteke.

Det skal veljast ein/to foreldrerepresentantar. Ein av desse skal vera med i FAU.



§4 OPPTAK

Felles søknadsfrist for SFO i Klepp er 1.mars. Søknad om plass skjer elektronisk.

Alle som søker innan fristen får plass. Søknadar som kjem inn etter fristen blir behandla så raskt som muleg.

Barn som får plass, har plassen til den blir sagt opp, eller til eleven går ut av 4. trinn.

Skulefritidsordninga skal også gje eit tilbod til barn med nedsett funksjonsevne/barn med særlege behov på 5.-7.trinn. I Klepp er dette tilbodet gratis. Skriftleg søknad må sendast rektor innan 1.mars det fjerde skuleåret. Dette er eit tilbod til elevar med nedsett fysisk eller psykisk funksjonshemmning.

§5 OPPSEIING/ENDRING AV OPPHALDSTID

Skulefritidsordninga har ein månads oppseiingstid. Det gjeld og for endringar i opphaldstida. Oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar månad.

1.mai er fristen for å gje melding om at ein ikkje skal ha SFO-plass neste skuleår. Ved oppseiing av plassen etter 1.mai må det betalast ut august månad. Oppseiing av plassen må vera skriftleg.

§6 BETALING

Betalingssatsane blir fastsette gjennom politisk vedtak. Prisane blir regulert ein gong i året.

Tilbodet gjeld for 11 månadar, og betalinga skjer for heile august og heile juni, sjølv om barnet startar seinare i august eller sluttar tidlegare i juni. Ein kan velja mellom eit opphold på 3 eller 5 dagar i veka.

Det blir betalt for heil dag, uavhengig av opphaldstid.

Matpengar kjem i tillegg.

Betalingsfrist er den 15. i kvar månad. Det skal betalast om barnet har fråvær. Uregelmessig betaling fører til at barnet mister plassen.

Ved for sein henting (ved stengetid), vil det først bli gitt ein skriftleg advarsel av SFO-leiar. Frå og med 2.gong for sein henting blir føresette fakturert for kr.200,- pr påbegynt halvtime.

§7 OPNINGSTID

SFO-året er frå første virkedag i august og ut juni månad.

Opningstida er frå kl.07.00 til kl.16.30. Morgontilbodet frå kl.07.00 og til skulestart er basert på sjølvfinansiering og blir bare gjennomført dersom det er nok brukarar.

SFO har stengd i juli månad, julafta og nyttårsafta. Onsdag før påske stenger SFO kl.12. SFO har stengt 5 dagar i løpet av året på grunn av planleggingsdagar for personalet.

For einskilde skular kan det vera aktuelt å samarbeida om ferietilbodet.

Elevar 1.trinn: Foreldra kan velga SFO eller barnehage frå 01.08. og til skulestart.

Når det er ønskeleg og forholda ligg til rette for det kan den enkelte SFO kunne tilby sommar-SFO/feriekubb (avhengig av personalsituasjon og etterspurnad). Det er ein føresetnad at elevane har hatt 3 veker samanhengande ferie.

§8 BEMANNING

Ved nyttilsetting skal fast tilsette leiarar av skulefritidsordninga ha minimum treårig høgskuleutdanning.

Økonomi, opphaldstid, gruppесamansetting, totalt elevtal og andre faktorar må samarbeidsutvalet leggja til grunn for bemanningsnivået. Grunnbemanninga skal i hovudregelen vera 10-14 barn pr. vaksen.

Bemanninga bør styrkast dersom elevar med funksjonshemminger/særlege behov har plass i skulefritidsordninga.

§9 FORSIKRING

Barn i SFO er kollektivt ulykkesforsikra.

§10 VEDTEKTSENDRINGAR

Endringar i desse vedtektena krev vedtak i hovudutval skule og barnehage.